

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 149/2020

av 23. oktober 2020

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/196 av 13. februar 2020 om fornya godkjenning av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus niger* CBS 109.713 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til slaktekyllingar, slaktekalkunar, kalkunar som vert fôra opp for avl, mindre utbreidde fugleartar (bortsett frå fjørfe meint for eggproduksjon) og prydfuglar, og om oppheving av forordning (EF) nr. 1380/2007, (EF) nr. 1096/2009 og gjennomføringsforordning (EU) nr. 843/2012 (innhavar av godkjenninga: BASF SE)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/197 av 13. februar 2020 om godkjenning av alluraraud AC som tilsetjingsstoff i fôrvarer til kattar og hundar⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/196 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 1380/2007⁽³⁾, (EF) nr. 1096/2009⁽⁴⁾ og Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 843/2012⁽⁵⁾, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 316 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/238) skal nye nummer lyde:

”317. **32020 R 0196:** Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/196 av 13. februar 2020 om fornya godkjenning av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus niger* CBS 109.713 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til slaktekyllingar, slaktekalkunar, kalkunar som vert fôra opp for avl, mindre utbreidde fugleartar (bortsett frå fjørfe meint for eggproduksjon) og prydfuglar, og om oppheving av

⁽¹⁾ TEU L 42 av 14.2.2020, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 42 av 14.2.2020, s. 4.

⁽³⁾ TEU L 309 av 27.11.2007, s. 21.

⁽⁴⁾ TEU L 301 av 17.11.2009, s. 3.

⁽⁵⁾ TEU L 252 av 19.9.2012, s. 23.

forordning (EF) nr. 1380/2007, (EF) nr. 1096/2009 og gjennomføringsforordning (EU) nr. 843/2012 (innehavar av godkjenninga: BASF SE) (EUT L 42 av 14.2.2020, s. 1).

318. **32020 R 0197**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/197 av 13. februar 2020 om godkjenning av alluraraud AC som tilsetjingsstoff i fôrvarer til kattar og hundar (EUT L 42 av 14.2.2020, s. 4).”

2. Teksta i nr. 1zzzze (kommisjonsforordning (EF) nr. 1380/2007), 1zzzzzu (kommisjonsforordning (EF) nr. 1096/2009) og 70 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 843/2012) utgår.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2020/196 og (EU) 2020/197 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. oktober 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 23. oktober 2020.

For EØS-komiteen

Sabine Monauni

Formann

(*). Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.